

Synfaring igjen i Nedre Halsabrotet**22.07.2011**

Forvaltningskomiteen blir orientert om prosjektet for 2 år sidan (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bustadprosjektet i Nedre Halsabrotet er inne i ein ny handsamingsrunde og no har det vore innom fylkeskommunen som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Fylkeskommunen slår fast at det ikkje er kjend automatisk freda kulturminne i området.

Likevel finn fylkeskommunen etter ei vurdering av planområdet det nødvendig å gjennomføre ei synfaring før dei kan gje frå seg om planen for å vurdere om den kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne.

Ved synfaringa vil det bli teke stilling til om det er naudsynt med ei vidare arkeologisk registrering for å få opplyt undersøkjingsplikta i lova, heiter det i brevet frå fylkeskommunen.

For to år sidan vart det imidlertid gjennomført ein arkeologisk registrering i området etter synfaring. Ivar Gundersen stiller seg uforståande til at det no skal vera naudsynt med ein ny runde lik den siste.

Under denne vart det ikkje funne automatisk freda kulturminne under registreringa som vart gjennomført av arkeolog. Automatisk freda kulturminne er alle spor etter menneskeleg aktivitet eldre enn reformasjonen i 1537.

Av Ola Matti Mathisen